



## Statens vegvesen

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Region vest Tone Bøyum / 55516792 16/141455-3 18/226 – 18/1655 26.03.2018

### **Uttale – Fv. 406 – Dispensasjon – Fritidsbustad, uthus/garasje, ny adkomst og planering – Gnr. 84 bnr. 29 – Haukeland søndre – Radøy kommune**

Statens vegvesen syner til brev mottatt 15.03.2018.

#### **Kva sak gjeld:**

Det er søkt om rehabilitering av fritidsbustad på gnr. 84 bnr. 29 i Radøy kommune. Søkjer vil i tillegg føre opp garasje og endre tilkomst for eigedomen. Kommunen spør difor om søker har godkjent avkørsleløyve etter veglova. Frist for uttale er fire veker.

#### **Vegvesenet sin vurdering:**

Søkjer viser til at fritidsbustaden vart bygd på 1950-talet, og at tomta vart skylddelt i 1967. Søkjer viser også til skulddelingspapir og andre privatrettslege avtaler som gjeld veg.

Eit avkørsleløyve regulerer forholdet mellom offentleg og privat veg. Krav til godkjent avkørsleløyve fekk eit nytt rettsgrunnlag i ny veglov av 1964, slik som søker viser til. Dersom tomta vart skylddelt i 1967 meiner vi at det kan forventast at det føreligg eit godkjent avkørsleløyve frå offentleg veg. Eit avkørsleløyve viser ikkje berre til køyrbar tilkomst, men omgrepene er også meint å dekke til dømes gangtilkomst til ein eigedom.

I brevet frå kommunen er det vist til at tomta ikkje fekk vegutlösing før på 2000-talet. Dersom fritidsbustaden berre hadde gangtilkomst tidlegare, ville det vere aktuelt å søkje om eit nytt eller endra løyva dersom eigedomen fekk køyrbar tilkomst. Vi kan ikkje sjå at vi har behandla ein slik søknad om endra eller utvida bruk av avkørsle i dette tilfellet, men vårt arkiv går berre tilbake til 2003. Eldre saker ligg hos Statsarkivet i Bergen.

Eigedomen er uregulert og ligg i eit område som er avsett til *Landbruk-, natur- og friluftsforemål* jf. Kommunedelplan for Radøy sør. Eigedomen nyttar ei avkørsle frå fylkesveg 406. Sjølv avkørsla er regulert gjennom fleire planarbeid.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
[firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Avkørsla er under ny regulering gjennom *Områderegulering for Haukeland Søndre* (ikkje vedtatt). Vi har uttalt oss til denne planen. Her har vi lagt til grunn at avkørsla er dimensjonert for den bruken som er der i dag og vi føreset då at bruken er lovleg. Vi har vidare kome med innspel at avkørsla må utbetraast basert på at det gjennom planarbeidet vert lagt til rette for ei auka bruk av avkørsla, og at forholdet til transportnettet må vurderast.

I dette tilfellet er avkørsla regulert gjennom eit godkjent planarbeid, medan den omsøkte tomta er uregulert. Forhold som gjeld ny og endra bruk av denne tomta må etter vår praksis behandlast etter veglova §§40–43 av Statens vegvesen.

Statens vegvesen skal ved si vurdering legge vekt på omsynet til trafikken på og langs vegen. Det må gjerast ei totalvurdering, der det utover tilhøva på staden også må takast omsyn til framkomst og trafikktryggleiken på den vegen det er søkt om avkørsle frå.

Fylkesvegen er av låg standard og har berre eit køyrefelt. Det manglar tilbod til gåande og syklande. Ved avkørslepunktet er det etablert eit busstopp. Fartsgrensa på staden er 80 km/t og årsdøgertrafikk (ÅDT) er 420. I *Rammeplan for avkørsler og byggjegrenser langs riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 – 2016)* er fylkesvegen klassifisert til *Haldningsklasse 4*. Det vil seie at vi normalt sett godkjenner løyve til utvida bruk dersom avkørsla tilfredsstiller dei krav vi har til sikt og utforming. Vi har tidlegare vist til at avkørsla er dimensjonert for den bruken som er der i dag. Vi meiner difor at det kan påreknaast eit slikt løyve dersom det vert søkt.

### **Oppsummering:**

Etter ei samla vurdering meiner vi at det skulle vore søkt om utvida bruk av avkørsla når fritidsbustaden fekk køyrbar tilkomst. Vi vurderer difor at det må søkjast om avkørsleløyve i dette tilfellet slik at forholdet vert ordna opp i. Det kan påreknaast eit slikt løyve dersom det vert søkt om.

Plan og forvaltning, Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*